



Møteprotokoll

Utval: Kommunestyre
Møtestad: Solund Grendahus
Dato: 26.03.2026
Tid: Kl. 10:00 - 15:00
Saksnr.: 012/26 – 019/26

Faste representantar som møtte:	Parti
Bjarne Leiv Ravnøy	H
Kenneth Sæbø	H
Signe Bjørøy	H
Anne Marie Gåsvær	SP
Erlend Lambrechts Trovåg	SP
Gunn Åmdal Mongstad	SP
John Sigfred Hugøy	SP
Nils Christian Bjørge	SP
Per Daniel Losnegård	SP
Sara Tunestveit	SP
Øyvind Losnegard	SP
Endre Johan Bukkøy Natvik	SV

Forfall faste representantar:	Parti	Fylgjande vararep. møtte:	Parti
Andreas Færøy Gåsvær	AP	David Færøy Gåsvær	AP
Sigve Lerpold	AP	Hans Emil Gåsvær	AP
Øystein Olai Espeland	H	Øystein Aarøy Mårstig	H

Ugild	Sak	Varamedlem	Merknad
John Sigfred Hugøy	018/26	Silje Alvheim Hop, SP	

Møteleiar: Gunn Åmdal Mongstad

Møteinnkalling:	Innkalling datert 20. mars 2026
Kunngjering:	Heimeside
Frå administrasjonen møtte:	Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt Stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen

	Leiar for Helse og omsorg Marit Andersen Nesse Leiar for Oppvekst og kultur Øystein Bolset Strand Leiar for Plan og tekniske tenester Kjartan Nyhammer Leiar for Samfunn- og næringsutvikling Gudrun Kristin Fatland Rådgjevar Erik Askeland Rådgjevar Anne Kristine Dyrdal Rådgjevar Mona Hjørnevang Prosjektleiar Bygdevekst Roar Hansen Rådgjevar Inger Helen Øvrebø
Permisjon frå møte:	Representanten Erlend Lambrechts Trovåg fekk permisjon frå møtet frå 12.00 til 12.50 (under orienteringane).
Godkjenning innkalling:	Det var ingen merknad til innkalling
Godkjenning sakliste:	Det var ingen merknad og saklista vart samrøystes godkjent
2 rep. underskrift møtebok:	Representantane John Sigfred Hugøy og Signe Bjørøy vart samrøystes valde
Utlevert i møtet:	
Spørsmål/interpell.:	
Orientering:	Husbanken v/ Olav Ohnstad, Lene Nyheim og Sigbjørn Spurkeland orienterte om Husbanken og deira verkemidlar. <i>Kommunedirektøren orienterar om:</i> Rådgjevar Mona Hjørnevang orienterte om SoFA, eit aktivitetstilbod for vaksne. Leiar for Plan og tekniske tenester Kjartan Nyhammer orienterte om status i "Delmål 1: Etablere og vidareutvikle hamnesentrum med tettstadfunksjonalitet" i Bygdevekstprosjektet. Prosjektleiar Bygdevekst Roar Hansen og rådgjevar Inger Helen Øvrebø orienterte om status i "Delmål 2: Auke pilotkommunane sin attraktivitet som ein stad å bu" og rapporten "Ein heim - eit nabolag - vårt lokalsamfunn".
Synfaring:	
Diverse:	<u>Dagsorden</u> 10.00 Konstituering av møte 10.15 Orientering om SoFA 10.25 Handsaming av sak 018/26 og 013/26 10.30 Orientering om Bygdevekst delmål 1 11.30 Orientering om Bygdevekst delmål 2 12.15 Lunch 12.40 Orientering frå Husbanken 13.50 Sakane i rekkefølge 15.00 Møte heva

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
012/26	Godkjenning av møteprotokoll
013/26	Skriv og melding
014/26	Sluttbehandling Solund kommune sin samfunnsdel 2026 - 2038
015/26	Oppstart forprosjekt utedel av dagsenter ved Solund helsetun
016/26	Revisjon av vedtekter for Solund fritidsfond
017/26	Kartlegging av bustadbehov i Solund kommune
018/26	Fritak politiske verv
019/26	Notat om lærlingar i sektor for oppvekst og kultur

Underskrifter:

012/26: Godkjenning av møteprotokoll

Handsaming i Kommunestyre 26.03.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 012/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre sin møteprotokoll frå 5. februar 2026 vert godkjent.

013/26: Skriv og melding

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Handsaming i Kommunestyre 26.03.2026:

Felles framlegg:

Skriv 5 vert sett på sakskartet som sak 019/26.

Votering:

Det vart røysta samla over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg. Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg vart samrøystes vedteke.

KOM- 013/26 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Skriv 5 vert sett på sakskartet som sak 019/26.

014/26: Sluttbehandling Solund kommune sin samfunnsdel 2026 - 2038

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Solund kommunestyre vedtar Kommuneplanen sin samfunnsdel for Solund kommune 2026 - 2038 datert 05.03.26, jf. plan- og bygningslova §§ 11-2 og 11-15.

2. Planen vert offentleggjort i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, 2. ledd.

Handsaming i Formannskap 19.03.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 014/26 VEDTAK:

1. Solund kommunestyre vedtar Kommuneplanen sin samfunnsdel for Solund kommune 2026 - 2038 datert 05.03.26, jf. plan- og bygningslova §§ 11-2 og 11-15.
2. Planen vert offentleggjort i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, 2. ledd.

Handsaming i Kommunestyre 26.03.2026:

Felles framlegg om tillegg:

Nytt punkt 3:

Innspel frå Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne vert teke med inn i arbeidet med handlingsdelen.

Votering:

Det vart røysta samla over formannskapet sitt framlegg om vedtak og felles framlegg om tillegg. Formannskapet sitt framlegg om vedtak og felles framlegg om tillegg vart samrøystes vedteke.

KOM- 014/26 VEDTAK:

1. Solund kommunestyre vedtar Kommuneplanen sin samfunnsdel for Solund kommune 2026 - 2038 datert 05.03.26, jf. plan- og bygningslova §§ 11-2 og 11-15.
2. Planen vert offentleggjort i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, 2. ledd.
3. Innspel frå Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne vert teke med inn i arbeidet med handlingsdelen.

015/26: Oppstart forprosjekt utedel av dagsenter ved Solund helsetun

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek at det vert starta eit forprosjekt på eit utvida dagsenter. Der kostnadsestimat og framdriftsplan vert laga. Administrasjonen vil nytte ekstern hjelp til

behovs- og arealsavklaring, samt designskisser og kostnadsestimat. Ramme for dette vert sett til 125 000,-. Finansiering hentast frå eksisterande midlar i økonomiplan og budsjett.

Handsaming i Formannskap 19.03.2026:

Felles framlegg om tillegg:

I det vidare arbeid må det sikrast god medverknad, mellom anna frå medverknadsorgan og andre som kan representere aktuelle brukargrupper.

Votering:

Det vart røysta samla over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg om tillegg. Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg om tillegg vart samrøystes vedteke.

FOR- 015/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek at det vert starta eit forprosjekt på eit utvida dagsenter. Der kostnadsestimat og framdriftsplan vert laga. Administrasjonen vil nytte ekstern hjelp til behovs- og arealsavklaring, samt designskisser og kostnadsestimat. Ramme for dette vert sett til 125 000,-. Finansiering hentast frå eksisterande midlar i økonomiplan og budsjett.

I det vidare arbeid må det sikrast god medverknad, mellom anna frå medverknadsorgan og andre som kan representere aktuelle brukargrupper.

Handsaming i Kommunestyre 26.03.2026:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 015/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek at det vert starta eit forprosjekt på eit utvida dagsenter. Der kostnadsestimat og framdriftsplan vert laga. Administrasjonen vil nytte ekstern hjelp til behovs- og arealsavklaring, samt designskisser og kostnadsestimat. Ramme for dette vert sett til 125 000,-. Finansiering hentast frå eksisterande midlar i økonomiplan og budsjett.

I det vidare arbeid må det sikrast god medverknad, mellom anna frå medverknadsorgan og andre som kan representere aktuelle brukargrupper.

016/26: Revisjon av vedtekter for Solund fritidsfond

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek:

1. endringsforslaget til gjeldande kriteriar for Solund fritidsfond, slik dei føreligg.
2. at kommunedirektøren får delegert mynde til å gjere ikkje-prinsipielle endringar i kriteria, og som ikkje endrar fondet sitt overordna føremål.

Handsaming i Formannskap 19.03.2026:

Felles framlegg om endring:

Endring av punkt 1:

“reviderte kriterie for Solund fritidsfond, slik dei ligg føre.”

Votering:

Det vart røysta samla over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg om endring. Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg om endring vart samrøystes vedteke.

FOR- 016/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek:

1. reviderte kriterie for Solund fritidsfond, slik dei ligg føre.
2. at kommunedirektøren får delegert mynde til å gjere ikkje-prinsipielle endringar i kriteria, og som ikkje endrar fondet sitt overordna føremål.

Handsaming i Kommunestyre 26.03.2026:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 016/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek:

1. reviderte kriterie for Solund fritidsfond, slik dei ligg føre.
2. at kommunedirektøren får delegert mynde til å gjere ikkje-prinsipielle endringar i kriteria, og som ikkje endrar fondet sitt overordna føremål.

017/26: Kartlegging av bustadbehov i Solund kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre tek rapporten “Ein heim - eit nabolag - vårt lokalsamfunn” til vitande.

Solund kommunestyre ber kommunedirektøren utarbeide eit heilskapleg og konkret Bustadprogram for Solund kommune som skal være førande for arbeid med bustadattraktivitet dei kommande åra. Det må sikrast brei involvering når Bustadprogrammet vert utarbeida.

Handsaming i Formannskap 19.03.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 019/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre tek rapporten "Ein heim - eit nabolag - vårt lokalsamfunn" til vitande.

Solund kommunestyre ber kommunedirektøren utarbeide eit heilskapleg og konkret Bustadprogram for Solund kommune som skal være førande for arbeid med bustadattraktivitet dei kommande åra. Det må sikrast brei involvering når Bustadprogrammet vert utarbeida.

Handsaming i Kommunestyre 26.03.2026:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 017/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre tek rapporten "Ein heim - eit nabolag - vårt lokalsamfunn" til vitande.

Solund kommunestyre ber kommunedirektøren utarbeide eit heilskapleg og konkret Bustadprogram for Solund kommune som skal være førande for arbeid med bustadattraktivitet dei kommande åra. Det må sikrast brei involvering når Bustadprogrammet vert utarbeida.

018/26: Fritak politiske verv

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre avslår søknaden frå varaordførar John Sigfred Hugøy om fritak frå politiske verv.

Handsaming i Formannskap 19.03.2026:

Representanten John Sigfred Hugøy var ugild etter forvaltningslova § 6, 1. ledd, bokstav a og deltok ikkje i handsaminga. Vararepresentant Sigve Lerpold møtte under saka.

Felles framlegg om tillegg:

Omtale av forsikringsordningar vert innarbeidd i reglement for folkevalde i god tid før neste valperiode.

Votering:

Det vart røysta samla over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg om tillegg. Kommunedirektøren sitt framlegg om vedtak og felles framlegg om tillegg vart samrøystes vedteke.

FOR- 021/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre avslår søknaden frå varaordførar John Sigfred Hugøy om fritak frå politiske verv.

Omtale av forsikringsordningar vert innarbeidd i reglement for folkevalde i god tid før neste valperiode.

Handsaming i Kommunestyre 26.03.2026:

Representanten John Sigfred Hugøy var ugild etter forvaltningslova § 6, 1. ledd, bokstav a og deltok ikkje i handsaminga. Vararepresentant Silje Alvheim Hop møtte under saka.

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 018/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre avslår søknaden frå varaordførar John Sigfred Hugøy om fritak frå politiske verv.

Omtale av forsikringsordningar vert innarbeidd i reglement for folkevalde i god tid før neste valperiode.

019/26: Notat om lærlingar i sektor for oppvekst og kultur

Handsaming i Kommunestyre 26.03.2026:

Framlegg om vedtak frå Gunn Åmdal Mongstad:

"Solund kommune skal legge til rette for at flest mogleg skal kunne ha lærlingtida si i kommunen. Det vert lagt fram eige sak om dette."

Votering:

Framlegg om vedtak frå Gunn Åmdal Mongstad vart samrøystes vedteke.

KOM- 019/26 VEDTAK:

Solund kommune skal legge til rette for at flest mogleg skal kunne ha lærlingtida si i kommunen. Det vert lagt fram eige sak om dette.